



Til heimane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/940 - 15/35437

Saksbehandlar:

Leif Bjørnar Hopland

leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:

19.11.2015

Julegudsteneste 2015

Skulen er invitert til å delta på gudsteneste i Alversund kyrkje før jul.

Gudstenestene vil gå føre seg på følgjande tidspunkt:

1.-2. klasse 16.12.15 kl. 09.00

3.-4. klasse 16.12.15 kl. 10.00

5.-7. klasse 17.12.15 kl. 09.00

Skulegudsteneste før jul er ein lang tradisjon ved Alversund skule. Gjennomføringa av gudstenesta er ein del av skulen si generelle kultur- og tradisjonsformidling. Gudstenesta er ikkje ein del av KRLE-faget. Det er heller ikkje skulen si avslutning før juleferien.

Heimen kan melda om fritak frå gudstenesta for sin elev. Ein har rett til å be om fritak frå aktivitetar som blir oppfatta som religionsutøving. Det kan ikkje krevjast fritak frå kunnskapsinnhaldet i dei ulike måla i læreplanen. Skulen vil tilby eit likeverdig alternativt tilbod. Undervisningstilbodet vil ha juletradisjonar i Noreg og andre land som tema. Utdanningsdirektoratet anbefaler at skulane organiserer deltaking i julegudstenesta og det alternative tilbodet gjennom aktiv påmelding.

Ber om at de gjev tilbakemelding skriftleg til kontaktlærer snarast råd ved å levera inn påmeldingsslippen under, eller på mail om eleven dykkar skal delta på julegudstenesta eller det alternative tilbodet.

Med helsing

Leif Bjørnar Hopland

rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Namn på elev: _____

(set kryss)

Ønskjer at eleven deltar på julegudstenesta

Ønskjer at eleven deltar på alternativt tilbod

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Til heimane